



Knut Førland frå Stord/Rosendal held talen for dagen på 17. mai i Uskedalen.

Knut Førland frå Rosendal er talar for dagen på 17. mai i Uskedalen. Førland kjem frå Stord, flytta til Kvinnherad i 2005 etter å ha budd i Oslo og Bergen i over 20 år. Talen for dagen er som vanleg ein del av festprogrammet i Aktivitetshust på ettermiddagen. Programmet er lagt ut for sal på Lise's Krambu, Gro's Blomster og på SPAR.

Knut Førland kom til Kvinnherad som plassjef for Kværner sitt verft i Skålfjæro. Han har vore ein sentral person i arbeidet med å få realisert Folgefonnsenteret. Førland var ei tid konstituert dagleg leiar for Kvinnherad Energi. Han har den siste tida egasjert seg sterkt i satsinga på hydrogen som drivstoff. Knut Førland er folkevald varamedlem i kommunestyret for Miljøpartiet De Grønne (MDG). Elles må vi ta med at dotter hans skal på 17. mai ha talen ved bautaen ved Kvinnherad kyrkje

Leiar i programkomiteen, Ronny Lakselv, fortel til Uskedalen.no at Jostein Soldal vil halda minnetalen ved krigsminnesmerke på Steneplassen. Jostein går i 10. klasse på Rosendal ungdomsskule. Nytt i år er eit musikalsk innslag i Aktivitetshuset, av Ingebjørg Eik og Gjermund Fredheim. Begge er profilerte musikarar i Kvinnherad.

17. mai går etter oppsett plan med den same malen som har vore brukt i mange år. Gjennomføringa med nokre mindre justeringar har funne si form. 17. mai i Uskedalen samlar alltid mykje folk, både fastbuande og tilreisande gjester.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Morten Nygård - Grenda